

laurdags godt



mari meiner

Rettt og slett

Visste du at ein i Atlanta i staten Georgia, USA, kan bli arrestert dersom ein bind ein sjiraff til ein lykestolpe? Eller at det i Newark, New Jersey, er ulovleg å selje iskrem etter kl. 18.00, så lenge kunden ikkje har med seg godkjenning frå ein lege?

Mange ser på lov og rett som ulideleg kjedeleg og søvndyssande. Men dersom du leitar på dei «rette» stadene, kan det rett og slett bli fantastisk god underhaldning! Det finst nemleg eit utal av spørre lover rundt



«**UTSIKTEN**»: Bunkersen på utsiktspunktet på Storåsen skal avdekkast, men utsiktsplassen skal takast vare på og sikrast.



SKAL RYDDAST: Dei nyopna bunkersane skal ryddast og gjerast tilgjengeleg for publikum.



FRAM FRÅ GLØYMSELEN: Tommy Solheim grov fram nye bunkersar med gravemaskin torsdag saman med l

Dugnad avdekkar stadig

FLORØ: Flora Krigshistorielag avdekkar no fleire tyske bunkersanlegg frå andre verdskrig. – Vi skal også opne bunkersen som ligg under Utsikten på Storåsen, fortel Kim Gunnar Jensen.

LINDA REGINA BRUVIK
linda.bruvik@firdaposten.no

TORS DAG ETTERMIDDAG opna dei to nye bunkersar i åsen ovanfor Flora ungdomsskule. Desse skal sikrast og opnast for publikum.

– I Storåsen i Florø hadde tyske Wehrmacht under krigen fleire anlegg. Nokre få av desse er synlege i dag, men under jorda skjuler det seg meir. Desse anlegga vil Flora Krigshistorielag no avdekke, fortel leiar Kim Gunnar Jensen.

ALLE ANLEGGA vil bli tilrettelagde og sikra, og dei skal kunne opnast for besøk og omvisning.

Krigsminna i Storåsen og andre stader i Florø er viktige for den lokale historia, difor vil krigshistorielaget bevare flest mogleg av desse.

– Anlegg som kystfortet i Havreneset og den store sanitetsbunkeren ved stadion er kjent for mange, men å avdekke anlegg som har vore skjult i mange år bidreg til

å auke forståinga for denne delen av historia, seier Jensen.

– **NATURLEGGVIS VIL** gravinga medføre visse omveltingar i turområdet i Storåsen, men desse vil bli avgrensa mest mogeleg, og det vil ikkje medføre skade på naturstiar og liknande, forsikrar Jensen.

I dei tilfella det blir avdekt anlegg frå krigens dagar vil sluttresultatet stå i stil med det som er gjort på kanonhauget i Havreneset, med rydding, tilrettelegging og sikring.

FLORA KRIGSHISTORIELAG ønskjer også å invitere til eit ope møte i bunkeren ved stadion, dato for dette møtet er ikkje fastsett enno.